# TOKKE
## KOMMUNE


FINANSDEPARTEMENTET
0 8. SEP. 2004
Saksnr. 04/1847-32
Arkivnr.
SL

Finansdepartementet
Pb 8008 Dep
0030 OSLO

| *Løpenr* | *Saksnr* | *Arkivkode* | *Avd/Seksj/sakb* | *Dykkar ref* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|---|
| 4905/04 | 04/01250-2 | 200 &13 | SEN-ØKO-TJD | | 06.09.2004 |

# Melding om vedtak

## Særutskrift: Høyring - Skatteoppkrevarutvalets utgreiing NOU 2004:12 - Fortsatt kommunal skatteinnkreving - ikkje statleggjering

## MØTEBOK

| NR | ORGAN | SAK NR | Møtedato |
|---|---|---|---|
| 1 | Formannskap | 04/108 | 01.09.04 |

Sakshandsamar : Tjøstov Djuve
Arkivsak: 04/01250
Arkivkode: 200 &13
Løpenr: 4514/04

### Høyring - Skatteoppkrevarutvalets utgreiing NOU 2004:12 - Fortsatt kommunal skatteinnkreving - ikkje statleggjering

**Saksgang:**
Formannskapet - vedtak

**Dokument i saka:**
Nr. 1. NOU 2004-12.
Nr. 2. Høyringsbrev frå KS av 02.07.2004. **Vedlegg 1.**

**Saksopplysningar:**
Skatteoppkrevjarutvalet si utgreiing i NOU 2004:12 konkluderar med ei fleirtalstilråding om å overføre ansvaret for skatteinnkrevjinga frå kommune til stat. Mindretalet går imot dette. KS hev laga eit grundig høyringsbrev som fylgjer som vedlegg.

**Vurderingar:**
Skatteoppkrevjinga i Noreg er god, noko også utgreiinga syner. Den kan sjølvsagt bli betre, men dette kan skje utan større organisatoriske endringar, det vil vera uheldig å rive opp det

som i dag fungerar bra. Større einingar vil kan hende òg naturleg koma, i samband med kommunesamanslåingar o.l. Distriktspolitisk kan dette ha negative fylgjer – dette òg dreiar seg om arbeidsplassar i distrikti.
At kommunen er ansvarleg for skatteoppkrevjing gjer kommunen òg betre på anna innkrevjingsarbeid – synergieffektivitet.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak for Formannskapet:**

1. Tokke kommune sluttar seg til den tilråding og dei argument som vert målbere av KS og vil sterkt tilrå at skatteinnkrevjinga framleis er kommunane si oppgåve.

**Frå handsaminga i Formannskap - 01.09.2004:**
Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Formannskap - 01.09.2004:**

1. Tokke kommune sluttar seg til den tilråding og dei argument som vert målbere av KS og vil sterkt tilrå at skatteinnkrevjinga framleis er kommunane si oppgåve.

**Utskrift sendt:**
Finansdept.
KS

Med helsing

Tjøstov Djuve
Økonomisjef